

Vettre 2015

Ved 30 års markering av reflekterande prosessar:

“Fort skjelvande og fort borte” - dialog og etikk i tider med vold. Om betydningen av den neverande augneblinken.



Av Anna Margrete Flåm

I februar var eg invitert til å snakke på NFFT sin kongress på Vettre og hadde då følgjande overskrift:

Med bakgrunn i klinisk arbeid med barn og vaksne sammen vil vi gå inn i og diskutere vilkår for å sjå vold når det skjer, og finne mot og assistanse til å sjå, høyre og handle. Vi vil i noko detalj sjå på komponentar i dagleglivets ordinære møte og prøve å sjå på og diskutere kva ein neverande augneblink i slike møte kan fortelje om kor små og tilsynelatande uskuldige uttrykk frå den eine kan utfordre den andres sensitivitet, inntoning og svar - med store etiske implikasjonar.

Vi vil diskutere korleis eit møte kan fostre openheit og rom for det ukjende og uventa.

Betydningen av sammen-med-den andre-kunnskap vil bli diskutert sammenlikna med om-den-andre-kunnskap.

Vi vil leite etter assistanse frå etterkrigs filosofar som følgje i vår søking i det ukjende og for å finne mot til å sjå kva som trengst i ein neverande augneblink.

Det var sett av 3 timer. Tida vart delt i to, med to ulike, men sammenhengande tema. I den siste delen vart det vist video frå terapeutisk samtale. Når eg no så velvillig har fått spørsmål om å skrive noko frå dagen, velgjer eg difor å skrive litt frå den første delen.

Vi stansar ved dagleglivets ordinære møte – når vold skjer

Vi undersøkjer betydningen av den neverande augneblinken i møte, med eksempel frå når vold skjer. Vi vil sjå på det unike / «once existing moment» og kva ein augneblink kan innby til. Vi vil herunder gjere nokre djupdykk frå vanleg klinisk praksis frå møte mellom barn og vaksen.

Vi vil late oss leie av Sterns idé om ein neverande augneblink. Sterns idé om «key-moments» set blikket på korleis samspel mellom personar kan endrast over i heilt nye baner i løpet av ein kort augneblink – som varer berre nokre få sekundar. Han foreslår å sjå på *korleis* ein neverande augneblink kan bli eit *møtets augneblink* -«a moment of meeting». I ein neverande augneblink er det noko som er «om å gjere». Når ein neverande augneblink blir «a moment of meeting», så blir det som er «om å gjere», møtt eller løyst. Stern viser til at ein møte-augneblink skjer gjennom gjensidig *mot-andre-retta deltaking*, der begge skaper og gjennomgår ei delt/gjensidig oppleving. Han viser til at den gjensidige opplevinga utvidar det intersubjektive området og opnar opp for nye område.

Med dette som inspirasjon var vi to som i vår kliniske praksis stilte følgjande spørsmål: Når vold har skjedd, kva opnar ein neverande augneblink med barns første tegn til vaksen - der noko er «om å gjere» - så at dette kan bli eit møtets augneblink, der utforsking og kvalitative sprang kan skje for avsløring? Og omvendt, kva skaper lukking, der ein neverande augneblink

ikkje blir til eit møtets augneblink, men forblir uutforska og uløyst? Det vil seie at vi spurde om og korleis ulik koordinering i ein augneblink med første tegn skaper ulike høve for framhald av augneblinkens mulegheit og potensial.

Det vi så konkret gjorde, var å undersøkje saker der vi i etterskot visste at vold hadde skjedd i form av seksuelle overgrep (so). Vi var nysgjerring på kva dette kunne lære oss utfra omsorgsgjevarane sin ettertanke og etterpåklokskap om ein augneblinks betydning.

Vi spurde: Korleis var *augneblinen med første tegn*: Når opna augneblinen seg til å bli «møtets augneblink», som opna for at noko vart løyst og endra? Når lukka augneblinen med første tegn seg, utan å opne for møte? Meir detaljert spurde vi: I etterskot, kva oppfatta omsorgsgivar var barnets første tegn - inkludert kva barnet sa og gjorde? Korleis minnest dei kontekst - inkludert aktivitetar, deltakrar, stad og tidspunkt? Kva var deira umiddelbare svar - inkludert kva dei svara og gjorde overfor barnet? Kva konsekvensar og følgjande handlingar skjedde straks etter og på lengre sikt ift avsløring. Kva trudde dei kunne vore gjort bedre for å ta imot barnets uttrykk?

Vi såg på alle saker over 2 år (20) der det var søkt behandling ved ein BUP etter avsløring av seksuelle overgrep, og der sakene var meldt til barnevern og politi. Våre samtalar skjedde med ikkje -overgripande omsorgsperson(ar) som del av behandlingskontekst.

Kva vart fortalt? 10 djupdykk og 10 augneblinkar frå dagleglivet når vold skjer

3 typiske augneblinkar kom fram med første tegn:

1. Augneblink der barnet stiller spørsmål om reglar/plikter - med lukka ikkje volds-relatert voksen-svar
2. Augneblink der barnet stiller spørsmål om reglar/plikter - med opent voksen-svar, med høve til seinare spørsmål og handling
3. Augneblink med direkte info - med direkte volds-relatert voksen-svar **vha** spørsmål og/eller handling

Av dei 20 sakene var det 1), sju saker av type nummer ein over, som alle vart stoppa frå vidare utforsking og forteljing, 2), ti saker av type nummer to over, som alle førde til forlenga prosess før avsløring, og 3), kun tre saker av type nummer 3 over, som alle førde til direkte avsløring.

På tvers av alle augneblinkar med første tegn

1. Alle barna viste tegn til den vaksne
2. Alle barna hadde nærver og merksemrd frå voksen tillitsperson – i felles fokus
3. Barnet viste tegn på reservasjon. Reservasjonen var vanlegvis formulert som spørsmål eller reservasjon mot reglar og plikter
4. Kontekst og reservasjon var knytt til overgripande person – enten direkte til personen eller aktivitetar relatert til denne
5. Hvis møtt med lukka svar, vart tegna sendt i retur, og kom aldri attende til denne voksen-personen
6. Hvis ikkje lukka svar vart gitt, fortsette barna å gi tegn
7. Barna fortalte hvis voksen tillitsperson ga døropningar gjennom direkte spørsmål
8. Direkte bodskap om vold/so kom berre i kontekst med innhald om kroppspleie eller so-relatert tema. I slike situasjonar fortalte barnet direkte hvis voksen svara eller stilte spørsmål relatert til barnets ord

Kva kan slike saker lære oss om augneblinkens betydning?

- Det viser kor små og indirekte barns uttrykk kan vere når vold skjer.
- Det kjem fram kor sensitivt det er å byggje kontekst og høve slik at vaksen kan sjå, høre og handle.
- Det fortel at sjølv om alle hadde gitt tegn, vart heile7 stoppa frå vidare utforsking og forteljing. For 10 av 20 vart prosessen forlenga. Berre 3 ga direkte informasjon.
- Det flombelyser kor lett eit barns tegn kan verte sendt i retur dersom det vert møtt med lukka svar ved første tegn.
- Det viser kor viktig det er at vaksne anerkjenner barns behov for å bli møtt i barnets utforsking og uttrykk.
- Det illustrerer at både barnet og vaksen befinn seg i gjensidig utfordring og utforsking.
- Utfordring gjeld: kva kan seiast eller spørjast om, av kven, til kven, kor, når og korleis kan uttrykk bli forstått.

Slik sett kan kvar enkelts bidrag bli oppfatta som *ei henvending* om å finne mening og vegar å gå vidare (Bakhtin, 2003; Shotter, 1994; 2010). At språk først og fremst er ei henvending.

Det forskande barnet og vår dialogiske innretting

Omfattande forsking peikar i dag på barnets dialogiske innretting og barnets mot-andre-rella natur. Raundalen kallar dette barnet «forskarbarnet». Vi har kalla det barnets innebygde «grønt-lys-organisering», som set fokus på at barn utforskar med viktige andre kor det skal gå, kor finst grønt lys for å gå vidare. Vanskår oppstår når barnet ikkje har viktige andre som kan organisere opplevelingar eller kan gi stillas for fortolking av fare og kan peike på «raudt lys». Forsking viser at når so og vold skjer, er støtten frå mor og omsorgspersonane avgjerande for verknad og helbred. Ved vold og so dokumenterer forsking og klinisk erfaringsbasert kunnskap at det skjer mange aktive grep for å skjule, som gjer det svært vanskeleg for den som er utsett å sjå, forstå og fortelje. For involverte og serleg for barn skaper dette enorm einsemd, med minimalt tilgang til råd om kor det finst vegar å gå for å undersøkje og finne ut av ting.

Barns uttrykk kan forståast som ein *appell* om felles utforsking, forståing og løysing i ein augneblink der noko «er om å gjere». Det første tegn kan forståast som ein invitasjon til dialogisk utforsking. Barnets henvending kan sjåast som *prøveballongar* retta mot tillitsperson for å prøve ut, teste, om denne personen er villig til eller kapabel til å delta i felles utforsking om korleis forstå det som skjer og om noko skal eller kan gjerast. Barnets uttrykk er utforskande startpunkt, der framhald er avhengig av den vasknes svar – om dørstopning for å fortsette. Barnets eksakte uttrykk er linka til kontekst. Kva som skjer deretter, korleis barnet er møtt, og korleis barnet opplever den vaksne vurderer og tar imot det, kviler på/er avhengig av den dialogen den vaksne rettar seg inn på overfor barnet.

Difor, den vaksnes møte utgjer nøkkelen til å forme og transformere augneblinken med første tegn. Augneblinken inviterer til å lytte til og svare på barns uttrykk – med opne og konkrete spørsmål. At heller enn å leite etter «gyldige signal og markørar ved vold», eller sjå på det som ein prosess over tid, løfter deira erfaringar opp.

- det unike i augneblinken
- det singulære/einestående i ein augneblink
- det unikt nye
- det enormt viktige som kan oppstå
- det ugjenkallege som kan skje

- det leiar oss til å sjå at den noverande augneblinken meir enn å vere bestemt av hendingar i fortid, er forma av forventingar inn i framtid, gjennom forventing og henvending som skjer i augneblinken (Shotter, 2012).

Det som her er fortalt

Det viser korleis augneblinkens transformerande kraft - som er forma av forventing og det høvet som finst for utforsking og utviding inn i framtida, kviler på at barn vert møtt, at dialogisk inntoning og svar skjer, for at augneblinken skal bli ein augneblink av møte med transformerande kraft.

Hentar vi følge frå Stern, viser det kor *snøgt* ein augneblink kan endrast. Det viser korleis eit intersubjektivt felt kan verte dramatisk reorganisert i augneblinkar som varer berre nokre sekundar. Hentar vi følge frå her heime, med Halldis Leira, ser vi korleis den andres henvending kan skape tabu, lukking, fråver av utforsking om den ikkje vert tatt i mot. At det kviler på møtet med den andre for å bli tatt imot, erkjent og anerkjent.

Hentar vi følge frå etterkrigstids filosofar, viser t.d. Levinas at den andre er avhengig av mitt svar for å *bli* sine mulegheitar. At kun ved å anerkjenne det framande og ukjende ved den andre, kan eg gå inn og delta i at den andre får sine mulegheitar i møte med meg. Det peikar på mitt etiske ansvar for den andre som viser meg tillit. Igjen, at språk først og fremst er ei henvending.

Vårt fagfelt treng søk etter termar/metaforar som plasserer oss innafor ei delt verd. Shotter, t.d., snakkar om å vandre inn i landskap heller enn å bruke kausalitet. Han rår til å spørje kva som skjer *mellom* oss, heller enn kva som skjer *i* vårt hode. Dette er metaforar som tilbyr interesse for og fokus på rommet mellom oss, heller enn inne i det enkelte individ.

Difor

Difor dette fokuset ved ettertanken ved 30 års markering av reflekterande prosessar - på den noverande augneblinkens skaparkraft- dets transformative potensial. At vår eksistens kviler på å bli møtt akkurat NO. Som skjer når du får vere annaleis og den andre skaper og byr på rom for det! Difor uttrykt ved dette høvet med Vesaas sine lyriske ord: ***Vil du gje meg handa ved månens skin. Lauv du er. Under open himmel. Over open avgrunn. Fort skjelvande og fort borte. Kom.***



Anna Margrete taler under festmiddagen (Red.)

For meir interesse, sjå referanse:

Flåm, A.M., & Haugstvedt, E. (2013).

Test balloons? Small signs of big events.

A qualitative study of adults' awareness of children's first signs of sexual abuse.

Child Abuse & Neglect, 37(9), 633-642, doi: 10.1016/j.chab.2013.06.007

Sjå også: Bøe, T.D., Kristoffersen, K., Lidbom, P.A., Lindvig, G.R., Seikkula, J., Ulland, D., & Zachariassen, K. (2014). "She offered me a place and a future": Change is an event of becoming through movement in ethical time and space.

Contemporary Family Therapy, 36(4), 474-484, doi: 10.1007/s10591-014-9317-3

*